Kva er eit fiskevær?

Kva er det med dei gamle fiskeværa som gjer at vi finn dei så fine? Her er mine refleksjonar omkring kva som er velfungerande i fiskeværa, og vidare konkluderar eg med kva eg trur skal til for å skape eit godt fiskevær i dag.

Alt i eit fiskevær står i nær relasjon til kvarandre. Det er ei samhandling mellom hus, båtar og folk. Dette skapar heilt unike rom. Desse enkle abstraksjonane synast eg viser tydeleg at det er eit fiskevær. Det er ikkje raude fasadar og saltak som er avgjerande for denne opplevinga av staden, det er korleis ein tydeleg kan lese dette felles rommet og korleis folk lev i fellesskap.

Eg trur at ved å vere klar over dei kvalitetane tradisjonelle fiskevær har, kan ein skape arkitektur som verkeleg fell til rette på staden. Det handlar om å skape ein stad, og staden må spele på fellesskapet. Ein tenkjer ofte at kvar mann har kvart sitt hus på “landet”, men eit fiskevær er ikkje “landet”. I eit fiskevær skal naboen alltid kunne sjå om du har kome i land.

I tillegg til den romlege konstellasjonen i fiskeværet, er flatene, golvet og veggen avgjerande for korleis vi ser staden. Golvet er gjerne samanhengande og skapar ein kontinuitet. Forholdet mellom proporsjonane til vegg og golv og korleis dette varierer er i stor grad avgjerande for korleis vi opplev staden sekvensvis.

Mange av flatene i eit fiskevær er i stor grad felles. Det er ikkje min husvegg og min hage, det er våre veggar og våre golv. Dette er viktig for å få eit velfungerande fiskevær, men samstundes finnast det rom for å skape noko eige i denne felles sfæren. I korleis golv og veggar blir brukt finnast det òg eit potensiale til å skape ein særeigen arkitektur for akkurat denne staden.





I fiskeværet finn vi mange element, og strukturar som viser til funksjonalitet. Eg meiner det funksjonelle i arkitekturen er noko av det vi finn vakkert og som gjer at dei gamle fiskeværa er så interessante. Dei svarer til ei tid og eit levesett og ville ikkje inneha den same kvaliteten om ein fjernar dette frå situasjonen.

For at det framleis skal kunne vekse fram gode fiskevær i ettertid, er det viktig å la fiskeværet svare på dei krav teknologi og nyare sjødrift stiller og ikkje vere låst til dimensjonar som svarar til ei anna tid.